

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSFORORDNING (EU) nr. 254/2014

2019/EØS/22/06

av 26. februar 2014

om eit fleirårig forbrukarprogram for 2014–20 og om oppheving av avgjerd nr. 1926/2006/EF(*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen, særleg artikkel 169,

med tilvising til framlegget frå Europakommisjonen,

etter oversending av utkast til regelverksakt til dei nasjonale parlamenta,

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet⁽¹⁾,

med tilvising til fråsegna frå Regionutvalet⁽²⁾,

etter den ordinære regelverksprosedyren⁽³⁾ og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Ifølgje kommisjonsmeldinga av 3. mars 2010, kalla «Europa 2020 – ein strategi for smart, berekraftig og inkluderande vekst for alle» (heretter kalla «Europa 2020»), bør borgarar få større innverknad slik at dei kan delta fullt ut i den indre marknaden. Dette gjer det naudsynt å styrkje evna og tilliten deira til å kjøpe varer og tenester på tvers av landegrensene, særleg på internett.
- 2) Unionen medverkar til å sikre eit høgt nivå for forbrukarvern og til å setje forbrukarane i sentrum av den indre marknaden ved å støtte og utfylle den politikken medlemsstatane fører, slik at borgarane vert sikra fullt utbytte av føremonene ved den indre marknaden, og slik at tryggleiken og dei rettslege og økonomiske interessene deira vert verna gjennom konkrete tiltak.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 84 av 20.3.2014, s. 42, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 251/2014 av 13. november 2014 om endring av EØS-avtalens protokoll 31 om samarbeid på særlege områder utanfor de fire friheter, se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 61 av 8.10.2015, s. 12.

⁽¹⁾ TEU C 181 av 21.6.2012, s. 89.

⁽²⁾ TEU C 225 av 27.7.2012, s. 217.

⁽³⁾ Haldning frå Europaparlamentet av 14. januar 2014 (enno ikkje kunngjort i TEU) og rådsavgjerd av 11. februar 2014.

- 3) Det fleirårige forbrukarprogrammet for 2014–20 (heretter kalla «programmet») bør medverke til å sikre eit høgt nivå for forbrukarvern og slutte opp om ambisjonane i Europa 2020 med omsyn til vekst og konkurransevne ved å integrere særskilde utfordringar som er påviste i Europa 2020 når det gjeld den digitale dagsordenen for Europa, slik at digitaliseringa faktisk fører til at forbrukarinteressene vert tekne betre hand om, og når det gjeld berekraftig vekst, ved å leggje om kursen mot eit meir berekraftige forbruksmønster, og når det gjeld sosial integrering, ved å ta omsyn til den særlege situasjonen til sårbare forbrukarar og dei behova som oppstår når folkesetnaden vert stadig eldre, og når det gjeld smart regelverk, mellom anna ved overvaking av forbrukarmarknaden med sikte på å utforme smarte og målretta reglar.
- 4) I kommisjonsmeldinga av 22. mai 2012 om ein dagsorden for forbrukarpolitikken i EU for fremjing av tillit og vekst («dagsorden for forbrukarpolitikk») er det fastsett ei strategisk ramme for forbrukarpolitikken i Unionen i dei komande åra, der forbrukarinteressene vert støtta i all politikk som vert ført i Unionen. Føremålet med dagsordenen for forbrukarpolitikk er å fastsetje ein strategi for effektive og målretta politiske tiltak som støttar forbrukarane i alle fasar av livet, ved å sikre at dei får tilgang til trygge varer og tenester, informere dei og gje dei opplæring, støtte organa som representerer dei, styrkje rettane deira, gje dei tilgang til rettfærd og klagerett og sikre at forbrukarregelverket vert handheva.
- 5) Den økonomiske nedgangen dei siste åra har avdekt fleire manglar og avvik i den indre marknaden, noko som er med på å undergrave tilliten blant forbrukarar og borgarar. Sjølv om det er ei kjensgjerning at Unionen arbeider under stramme budsjettammer, bør Unionen likevel skaffe til vegar dei økonomiske midlane som trengst for å nå måla for programmet, og bør difor støtte Europa 2020.
- 6) Med sikte på gjennomføring av den indre marknaden er det heilt naudsynt å fjerne dei umotiverte og urimelege hindringane som framleis står att for at den indre marknaden skal verke på ein tilfredsstillande måte og borgarane kan få større tillit og tiltru til systemet, særleg i samband med handel på tvers av landegrensene. Unionen bør arbeide for å skape gunstige vilkår for å gje forbrukarane større innverknad ved å syte for at dei får dei verktøya, den kunnskapen og den kompetansen som er naudsynt for å kunne ta gjennomtenkte og godt grunnleggjende avgjerdar, og ved å gjere dei meir medvitne.

- 7) I denne forordninga vert det teke omsyn til det økonomiske, sosiale og tekniske miljøet og tilhøyrande nye utfordringar. Dei tiltaka som vert finansierte i medhald av dette programmet, er særleg retta mot spørsmål som er knytte til globalisering, digitalisering, dei stadig meir komplekse avgjerdene som forbrukarane må ta, behovet for meir berekraftige forbruksmønster, den aldrande folkesetnaden, sosial utstøying og sårbare forbrukarar. Det å integrere forbrukarinteresser i alle delar av politikken til Unionen, i medhald av artikkel 12 i traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen (TVEU), har høg prioritet. Samordning med annan politikk og andre program i Unionen er svært viktig for å sikre at forbrukarinteressene vert høgt prioriterte på andre politikkområde. For å fremje samverknad og unngå dobbeltarbeid bør det leggjast til rette for at andre fond og program i Unionen skal syte for økonomisk støtte til å integrere forbrukarinteresser på sine respektive område.
- 8) Programmet bør sikre eit høgt vernnivå for alle forbrukarar, særleg for sårbare forbrukarar, for å ta omsyn til deira særlege behov og auke kompetansen deira, i samsvar med oppmodinga i europaparlamentsresolusjon av 22. mai 2012 om ein strategi for å styrkje rettane til sårbare forbrukarar⁽¹⁾. Programmet bør særleg sikre at sårbare forbrukarar har tilgang til informasjon om varer og tenester, slik at dei har like gode føresetnader for å gjere sine eigne frie og godt grunngjevne val, ikkje minst fordi sårbare forbrukarar kan ha vanskar med å innhente og tileigne seg forbrukarinformasjon og difor risikerer å verte villeidde.
- 9) Programmet bør særleg ta omsyn til barn, mellom anna gjennom samarbeid med aktuelle aktørar for å sikre at dei pliktar seg til å nytte ansvarsmedviten reklame retta mot mindreårige, særleg for å motverke villeiande reklame på internett.
- 10) I programmet bør det fastsetjast tiltak som skal utgjere ei unionsramme for finansiering av tiltaka. I medhald av artikkel 54 i europaparlaments- og rådsforordning (EU, Euratom) nr. 966/2012⁽²⁾ skal denne forordninga utgjere det rettslege grunnlaget for desse tiltaka og for gjennomføringa av programmet. Denne forordninga byggjer på og fører vidare dei tiltaka som er finansierte i medhald av europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1926/2006/EF⁽³⁾.
- 11) Det er viktig å styrkje forbrukarvernet. For å oppnå dette overordna målet bør det fastsetjast særskilde mål med omsyn til tryggleik for, informasjon til, opplæring av og støtte til forbrukarorganisasjonar på unionsplan, rettar og klagerett, og dessutan handheving av forbrukarrettar. Verdien og verknaden av dei tiltaka som vert gjorde i medhald av programmet, bør overvakast og evaluerast jamleg, slik at det vert enklare å utforme endå betre politikk i forbrukarane si interesse. For å evaluere forbrukarpolitikken, særleg den konkrete verknaden av dei tiltaka som vert gjorde, bør det utarbeidast indikatorar; verdien av indikatorane bør likevel sjåast i ein større samanheng.
- 12) Det er viktig å styrkje tilliten blant forbrukarane. Dersom dette målet skal nåast, må handlingsrommet styrkjast, særleg gjennom eigna økonomisk støtte til forbrukarorganisasjonar på unionsplan og til europeiske forbrukarsenter, med tanke på den viktige oppgåva dei har med å gje forbrukarane hjelp med og informasjon om forbrukarrettar, støtte dei ved forbrukartvistar, særleg ved å gje dei tilgang til eigna tvisteløysingsordningar, og fremje forbrukarinteressene slik at den indre marknaden verkar på ein tilfredsstillande måte. Det bør vere mogleg for slike organisasjonar og senter å styrkje forbrukarvernet og tilliten blant forbrukarane ved å setje i verk konkrete tiltak og tilpasse støtte, informasjon og opplæring til den einskilde forbrukaren.
- 13) Det må fastsetjast kva tiltak som kan få støtte og kan nyttast for å nå desse måla.
- 14) Det må fastsetjast kategoriar av moglege tilskotsmottakarar.
- 15) I denne forordninga er det ført opp ein finansiell referansesum for programmet, slik det er definert i nr. 17 i den tverrinstitusjonelle avtala av 2. desember 2013 mellom Europaparlamentet, Rådet og Kommisjonen om budsjett disiplin og ein betre budsjettprosedyre og om god økonomistyring⁽⁴⁾, utan at det får konsekvensar for budsjettfullmakta til Europaparlamentet og Rådet, slik det er fastsett i TVEU.
-
- ⁽¹⁾ TEU C 264 E av 13.9.2013, s. 11.
- ⁽²⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EU, Euratom) nr. 966/2012 av 25. oktober 2012 om finansielle regler for Den europeiske unions alminnelige budsjett og om oppheving av rådsforordning (EF, Euratom) nr. 1605/2002 (TEU L 298 av 26.10.2012, s. 1).
- ⁽³⁾ Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1926/2006/EF av 18. desember 2006 om skiping av eit fellesskapshandlingsprogram på området forbrukarpolitikk (2007-2013) (TEU L 404 av 30.12.2006, s. 39).
-
- ⁽⁴⁾ TEU C 373 av 20.12.2013, s. 1.

- 16) I tråd med prinsippa for god økonomistyring, innsyn og fleksibilitet i gjennomføringa av programmet bør det utøvande organet kunne vidareførast dersom alle krava som er fastsette i rådsforordning (EF) nr. 58/2003⁽¹⁾, er oppfylte.
- 17) Utgifter som Unionen og medlemsstatane dekkjer til tryggleik for og opplæring av forbrukarar, forbrukarrettar og handheving av desse rettane, bør samordnast betre for å sikre komplementaritet, større effektivitet og meir synleggjering, men òg for å oppnå betre budsjettssamverknad.
- 18) Avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet inneheld føresegnar om samarbeid innanfor forbrukarvern mellom Unionen og medlemsstatane i Unionen på den eine sida og dei statane i Det europeiske frihandelssambandet som deltek i Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, på den andre. Programmet bør òg opnast for deltaking for andre statar, særleg nabostatane til Unionen og statar som har søkt om medlemskap i Unionen eller er kandidat- eller tilmeldingsstatar.
- 19) I samband med gjennomføringa av programmet og i lys av globaliseringa av produksjonskjeda og marknader som i stadig større grad er innbyrdes avhengige, bør det oppmodast til samarbeid med tredjestatar som ikkje deltek i programmet, samstundes som det vert teke omsyn til eventuelle relevante avtaler mellom desse statane og Unionen.
- 20) Fullmakta til å vedta rettsakter i samsvar med artikkel 290 i TVEU bør delegerast til Kommisjonen, både ved å tilpasse dei indikatorane som er fastsette i vedlegg II for å ta omsyn til endringar i regelverket for forbrukarvern, og ved å endre vedlegg I gjennom fjerning av særlege tiltak for å ta omsyn til resultatane av ein evalueringsrapport frå Kommisjonen. Det er særleg viktig at Kommisjonen held føremålstenlege samråd under det førebuarande arbeidet sitt, medrekna samråd med sakkunnige. Under førebuaringa og utarbeidinga av delegererte rettsakter bør Kommisjonen syte for at dei relevante dokumenta vert sende over til Europaparlamentet og Rådet til same tid, til rett tid og på ein eigna måte.
- 21) For å sikre einsarta vilkår for gjennomføringa av denne forordninga bør Kommisjonen gjevast gjennomføringsfullmakt til å vedta årlege arbeidsprogram. Denne fullmakta bør nyttast i samsvar med europaparlaments-
- og rådsforordning (EU) nr. 182/2011⁽²⁾. Ettersom programmet ikkje fastset kriterium for produkttryggleik, men tek sikte på å gje økonomisk støtte til verktøy som trengst for å gjennomføre produkttryggleikspolitikken, og ettersom det er snakk om relativt små summar, bør framgangsmåten med rådgjevande utval nyttast.
- 22) Dei økonomiske interessene til Unionen bør vernast gjennom høvelege tiltak under heile utgiftssyklusen, mellom anna ved å førebyggje, avdekkje og undersøkje avvik, krevje tilbake midlar som er tapte, utbetalte på urettkome vis eller nytta på feil måte, og eventuelt fastsetje administrative og økonomiske sanksjonar i samsvar med forordning (EU, Euratom) nr. 966/2012.
- 23) Ettersom måla for denne forordninga ikkje kan nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane fordi dei aktuelle sakene er av tverrnasjonal art og difor har større gjennomslagskraft på unionsplan, kan Unionen vedta tiltak i samsvar med nærleiksprinsippet slik det er fastsett i artikkel 5 i traktaten om Den europeiske unionen. I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje denne forordninga lenger enn det som er naudsynt for å nå desse måla.
- 24) Avgjerd nr. 1926/2006/EF vert oppheva.
- 25) Det bør leggjast til rette for å sikre ein smidig og direkte overgang mellom fellesskapshandlingsprogrammet for forbrukarpolitikk (2007–13), som vart fastsett ved avgjerd nr. 1926/2006/EF, og dette programmet, særleg med tanke på vidareføringa av fleirårige tiltak og evalueringa av kor vellukka det førre programmet har vore og kva område som treng større merksemd. I tillegg bør dette programmet vare like lenge som den fleirårige økonomiske ramma for 2014–20, som er fastsett i rådsforordning (EU, Euratom) nr. 1311/2013⁽³⁾. Difor bør dette programmet nyttast frå 1. januar 2014. Frå og med 1. januar 2021 bør løyvingane til den tekniske og administrative støtta om naudsynt dekkje utgiftene til forvaltning av tiltak som ikkje er vortne avslutta innan utgangen av 2020 —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Fleirårig forbrukarprogram

Ved denne forordninga vert det fastsett eit fleirårig forbrukarprogram for tidsrommet 1. januar 2014–31. desember 2020 (heretter kalla «programmet»).

⁽²⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 182/2011 av 16. februar 2011 om fastsettelse av allmenne regler og prinsipper for medlemsstatenes kontroll med Kommisjonens utøvelse av sin gjennomføringsmyndighet (TEU L 55 av 28.2.2011 s. 13).

⁽³⁾ Rådsforordning (EU, Euratom) nr. 1311/2013 av 2. desember 2013 om fastsettelse av den flerårige finansielle rammen for tidsrommet 2014–20 (TEU L 347 av 20.12.2013, s. 884).

⁽¹⁾ Rådsforordning (EF) nr. 58/2003 av 19. desember 2002 om fastsettelse av vedtekter for utøvande organer som skal utføre visse oppgaver i forbindelse med forvaltning av fellesskapsprogrammer (TEF L 11 av 16.1.2003, s. 1).

*Artikkel 2***Overordna mål**

Det overordna målet for programmet er å sikre eit høgt nivå for forbrukarvern, gje forbrukarane større innverknad og setje dei i sentrum av den indre marknaden, innanfor ramma av ein allmenn strategi for smart, berekraftig og inkluderande vekst. Programmet tek sikte på å oppnå dette ved å medverke til vern av helsa, tryggleiken og dei juridiske og økonomiske interessene til forbrukarane, men òg ved å fremje retten deira til informasjon og opplæring og til å organisere seg for å tryggje interessene sine, og til å støtte integreringa av forbrukarinteresser i andre politikkområde. Programmet skal utfylle, støtte og overvake politikken i medlemsstatane.

*Artikkel 3***Særskilde mål og indikatorar**

1. Det overordna målet som er nemnt i artikkel 2, skal nåast gjennom følgjande særskilde mål:

a) Mål I — Tryggleik: Å konsolidere og styrkje produkttryggleik gjennom effektivt marknadsstilsyn i heile Unionen.

Dette målet vil særleg verte målt gjennom verksemda og effektiviteten til EU-systemet for snøgg varsling av farlege forbrukarprodukt (RAPEX).

b) Mål II — Forbrukarinformasjon og -opplæring, og støtte til forbrukarorganisasjonar: Å gje forbrukarane betre opplæring, informasjon og kjennskap til rettane sine, å utarbeide eit dokumentasjonsgrunnlag for forbrukarpolitikk og å gje støtte til forbrukarorganisasjonar, mellom anna ved å ta omsyn til dei særlege behova til sårbare forbrukarar.

c) Mål III — Rettar og klagerett: Å utvikle og styrkje forbrukarrettane, særleg gjennom smarte regelverkstiltak og betre tilgang til enkel, effektiv, snøgg og rimeleg klagerett, medrekna alternativ tvisteløysing.

Dette målet vil særleg verte målt gjennom tilgang til alternativ tvisteløysing for å få løyst tverrnasjonale tvistar, gjennom verksemda til eit felles EU-system for nettbasert tvisteløysing og gjennom den prosentdelen av forbrukarane som går vidare for å få løyst eit problem.

d) Mål IV — Handheving: Å støtte handhevinga av forbrukarrettar ved å styrkje samarbeidet mellom nasjonale handhevingsorgan og ved å støtte forbrukarane i form av rådgjeving.

Dette målet vil særleg verte målt gjennom nivået på informasjonsstraumen og effektiviteten av samarbeidet innanfor nettverket for samarbeid om forbrukarvern, gjennom verksemda til europeiske forbrukarsenter og etter kor god kjennskap forbrukarane har til desse.

Forbrukarinformasjon og -deltaking av høg kvalitet har prioritet på tvers av dei ulike sektorane og skal difor fastsetjast uttrykkeleg, der dette er mogleg, i alle sektormål og tiltak som vert finansierte i medhald av programmet.

2. Indikatorane er oppførte i vedlegg II.

3. Kommisjonen skal gjevast fullmakt til å vedta delegerte rettsakter i samsvar med artikkel 15 for å tilpasse dei indikatorane som er oppførte i vedlegg II.

*Artikkel 4***Tiltak som kan få støtte**

Dei særskilde måla som er nemnde i artikkel 3, skal nåast gjennom dei tiltaka som kan få støtte, og som er oppførte i lista nedanfor:

a) Mål I — Tryggleik:

1) vitskapleg rådgjeving og risikoanalyse som er relevant for helsa og tryggleiken til forbrukarane, med omsyn til varer som ikkje er næringsmiddel og tenester som ikkje er knytte til næringsmiddel, medrekna støtte til oppgåvene til dei uavhengige vitskapsutvala som er oppnemnde ved kommisjonsavgjerd 2008/721/EF⁽¹⁾,

2) samordning av marknadsstilsyns- og handhevingstiltak for produkttryggleik i samsvar med europaparlaments- og rådsdirektiv 2001/95/EF⁽²⁾, og tiltak for å betre tryggleiken når det gjeld forbrukartenester,

3) vedlikehald og vidareutvikling av databasar med opplysningar om kosmetiske produkt.

b) Mål II — Forbrukarinformasjon og -opplæring, og støtte til forbrukarorganisasjonar:

⁽¹⁾ Kommisjonsavgjerd nr. 2008/721/EF av 5. august 2008 om opprettelse av en rådgivningsstruktur med vitenskapskomiteer og sakkynndige på området forbrukersikkerhet, folkehelse og miljø, og om oppheving av beslutning 2004/210/EF (TEU L 241 av 10.9.2008, s. 21).

⁽²⁾ Europaparlaments- og rådsdirektiv 2001/95/EF av 3. desember 2001 om alminnelig produktsikkerhet (TEF L 11 av 15.1.2002, s. 4).

- 4) utviding og betring av tilgangen til det dokumentasjonsgrunnlaget som vert nytta til å utforme politikk på område som påverkar forbrukarane, utforme smarte og målretta reglar og kartleggje eventuell marknadssvikt eller endra forbrukarbehov som eit grunnlag for å utforme forbrukarpolitikken, kartlegging av dei områda som byr på størst vanskar for forbrukarane, og integrering av forbrukarinteresser i andre politikkområde i Unionen,
- 5) støtte gjennom finansiering av forbrukarorganisasjonar på unionsplan og gjennom oppbygging av kapasitet hjå forbrukarorganisasjonar på unionsplan, nasjonalt plan og regionalt plan, for dermed å gje auka innsyn og hyppigare utveksling av sakkunne og best mogleg praksis,
- 6) auka innsyn i forbrukarmarknader og forbrukarinformasjon, for dermed å gje forbrukarane opplysningar som kan jamførast og er pålitelege og lett tilgjengelege, òg i samband med handel på tvers av landegrensene, slik at forbrukarane kan få hjelp til å samanlikne prisar, ikkje berre på varer og tenester, men òg på kvalitet og berekraft,
- 7) tiltak for å fremje forbrukaropplæring som ein livslang prosess, med særleg vekt på sårbare forbrukarar.
- c) Mål III — Rettar og klagerett:
- 8) utarbeiding i Kommissjonen av regelverk for forbrukarvern og andre initiativ til regelverk, overvaking av måten medlemsstatane innarbeider regelverket og påfølgjande evaluering av verknadene av innarbeidinga, fremjing av initiativ for samregulering og sjølvregulering, og overvaking av dei faktiske verknadene slike initiativ har på forbrukarmarknadene,
- 9) tiltak som gjer det enklare for forbrukarane å få tilgang til tvisteløysingsordningar, særleg alternative ordningar for tvisteløysing, mellom anna gjennom eit felles nettbasert EU-system og gjennom nettverkssamarbeid mellom nasjonale alternative tvisteløysingsorgan, med særleg vekt på høvelege tiltak retta mot behova og rettane til sårbare forbrukarar; og dessutan overvaking av korleis tvisteløysingsordningane verkar og kor effektive dei er for forbrukarane, mellom anna gjennom utvikling og vedlikehald av relevante IT-verktøy og utveksling av best mogleg praksis og gode røynslar i medlemsstatane.
- d) Mål IV — Handheving:
- 10) samordning av tilsyns- og handhevingstiltak i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 2006/2004⁽¹⁾,
- 11) finansiell støtte til tiltak i samarbeid med offentlege eller ideelle organ som inngår i unionsnettverk som gjev informasjon og støtte til forbrukarane, slik at dei kan få hjelp til å utøve rettane sine og få tilgang til eigna tvisteløysing, til dømes nettbaserte utanrettslege tvisteløysingsordningar (nettverket av europeiske forbrukarsenter).
- Tiltaka som kan få støtte slik det er oppført i første leddet i denne artikkelen, vert nærmare gjorde greie for i vedlegg I og er oppførte som særlege tiltak.
- Artikkel 5*
- Tilskotsmottakarar**
1. Tilskot til drift av forbrukarorganisasjonar på unionsplan kan tildelast europeiske forbrukarorganisasjonar som oppfyller alle dei følgjande vilkåra:
- a) dei er ikkje-statlege, ideelle og uavhengige av industri-, handels- og næringslivsinteresser eller andre interesser som kan vere i konflikt, og har som hovudmål og hovudverksemd å fremje og verne helsa, tryggleiken og dei økonomiske og rettslege interessene til forbrukarane i Unionen,
- b) dei har mandat til å representere interessene til forbrukarane på unionsplan gjennom organisasjonar i minst halvparten av medlemsstatane, og er representative for forbrukarane i samsvar med nasjonale reglar eller nasjonal praksis, og driv verksemda si på regionalt eller nasjonalt plan.
2. Tilskot til drift av internasjonale organ som fremjar prinsipp og politikk som medverkar til å nå måla for programmet, kan tildelast organisasjonar som oppfyller alle dei følgjande vilkåra:
- a) dei er ikkje-statlege, ideelle og uavhengige av industri-, handels- og næringslivsinteresser eller andre interesser som kan vere i konflikt, og har som hovudmål og hovudverksemd å fremje og verne helsa, tryggleiken og dei økonomiske og rettslege interessene til forbrukarane,

⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsforordning nr. 2006/2004/EF av 27. oktober 2004 om samarbeid mellom nasjonale myndigheter med ansvar for håndheving av forbrukervernlovgeving (TEU L 364 av 9.12.2004, s. 1).

b) dei utfører alle dei følgjande oppgåvene: dei gjev forbrukarrepresentantar, både frå Unionen og tredjestatar, eit formelt system for deltaking i politiske drøftingar og politikkkutforming, arrangerer møte med tenestemenn og lovgjevarar for å fremje og forsvare forbrukarinteressene overfor offentlege styresmakter, kartlegg felles forbrukarspørsmål og -utfordringar, fremjar forbrukarsynspunkt i det bilaterale sambandet mellom Unionen og tredjestatar, medverkar til utveksling og spreiding av sakkunne og kunnskap om forbrukarspørsmål i Unionen og tredjestatar og utarbeider tilrådingar om forbrukarpolitikk.

3. Tilskot til drift av organ på unionsplan som har til oppgåve å samordne handhevingstiltak som gjeld produkttryggleik, kan tildelast organ som er godkjende for dette føremålet i medhald av unionsregelverket.

4. Tilskot til tiltak som organ som driv verksemd i heile Unionen, set i verk for å utarbeide åtferdsreglar, best mogleg praksis og retningslinjer for jamføring av pris, produktkvalitet og berekraft, kan tildelast organ som oppfyller dei følgjande vilkåra:

a) dei er ikkje-statlege, ideelle og uavhengige av industri-, handels- og næringslivsinteresser eller andre interesser som kan vere i konflikt, og har som hovudmål og hovudverksemd å fremje og verne forbrukarinteressene,

b) dei er verksame i minst halvparten av medlemsstatane.

5. Tilskot til organisering av formannskapstilskipingar om forbrukarpolitikk i Unionen kan tildelast dei nasjonale styresmaktene i den medlemsstaten som har formannskapet for andre rådssamansetnader enn rådet for utanriksspørsmål, eller organ som er peikte ut av denne medlemsstaten.

6. Tilskot til tiltak som vert sette i verk av styresmakter med ansvar for forbrukarspørsmål i medlemsstatane og av tilsvarende styresmakter i tredjestatar, kan tildelast styresmakter som er melde til Kommisjonen i samsvar med forordning (EF) nr. 2006/2004 eller direktiv 2001/95/EF av ein medlemsstat, eller av ein tredjestat slik det er nemnt i artikkel 7 i denne forordninga, eller ideelle organisasjonar som desse styresmaktene uttrykkjeleg har peikt ut for dette føremålet.

7. Tilskot til tenestemenn som skal handheve regelverket i medlemsstatar og tredjestatar, kan tildelast tenestemenn frå styresmakter som er melde til Kommisjonen i samsvar med forordning (EF) nr. 2006/2004 og direktiv 2001/95/EF av ein medlemsstat, eller av ein tredjestat slik det er nemnt i artikkel 7 i denne forordninga.

8. Tilskot til tiltak kan tildelast eit organ som er peikt ut av ein medlemsstat, eller av ein tredjestat slik det er nemnt i artikkel 7, som er ein ideell organisasjon som er vald ut gjennom ein open prosess, eller er eit offentleg organ. Organet som er peikt ut, skal inngå i eit unionsnettverk som kan gje informasjon og støtte til forbrukarane, slik at dei kan få hjelp til å utøve rettane sine og få tilgang til eigna tvisteløysing (nettverket av europeiske forbrukarsenter). Det kan innførast ei ramme for partnerskap i form av ei langsiktig samarbeidsordning mellom Kommisjonen og nettverket av europeiske forbrukarsenter og/eller dei organa som inngår i nettverket.

9. Tilskot til tiltak kan tildelast klagehandsamingsorgan som er skipa og driv verksemd i medlemsstatane i Unionen og i dei statane i Det europeiske frihandelssambandet som deltek i Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, og som tek imot forbrukarklager eller prøver å finne løysingar på klager, eller gjev forbrukarane råd eller informasjon ved klager eller spørsmål, og som er tredjemann dersom ein forbrukar har klager på eller spørsmål om ein forhandlar. Slike organ skal ikkje omfatte ordningar som forhandlarane sjølve har for handsaming av forbrukarklager, og som handsamar spørsmål og klager direkte frå forbrukarane, og skal heller ikkje omfatte klagehandsamingstenester som vert drivne av eller på vegner av ein forhandlar.

Artikkel 6

Finansiell ramme

1. Etter gjeldande prisar er den finansielle ramma for gjennomføring av programmet 188 829 000 euro for tidsrommet 1. januar 2014–31. desember 2020.

2. Dei årlege løyvingane skal godkjennast av Europaparlamentet og Rådet innanfor ramma av dei fleirårige finansielle overslaga.

Artikkel 7

Deltaking for tredjestatar i programmet

Programmet er ope for deltaking for

a) statar i Det europeiske frihandelssambandet som deltek i Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet,

b) tredjestatar, særleg tilmeldingsstatar, kandidatstatar og moglege kandidatar, men òg statar som er omfatta av den europeiske naboskapspolitikken, i samsvar med dei allmenne prinsippa og vilkåra som gjeld for deltaking i unionsprogramma og er fastsette i rammeavtaler, avgjerder i assosieringsråd eller liknande avtaler.

Artikkel 8

Former for støtte og høgstesats for samfinansiering

1. I samsvar med forordning (EF, Euratom) nr. 966/2012 kan finansiell støtte frå Unionen tildelast i form av anten tilskot eller offentlege innkjøp, eller andre former for støtte som er naudsynte for å nå dei måla som er nemnde i artikkel 2 og 3 i denne forordninga.

2. Tilskota frå Unionen og høgstesatsane for desse, skal fastsetjast slik:

- a) tilskot til drift av forbrukarorganisasjonar på unionsplan, slik det er definert i artikkel 5 nr. 1, skal ikkje overstige 50 % av dei kostnadene som gjev rett til støtte,
- b) tilskot til drift av internasjonale organ som fremjar prinsipp og politikk som medverkar til å nå måla for programmet, slik det er definert i artikkel 5 nr. 2, skal ikkje overstige 50 % av dei kostnadene som gjev rett til støtte,
- c) tilskot til drift av organ på unionsplan som har til oppgåve å samordne handhevingstiltak som gjeld produkttryggleik og er godkjende for dette føremålet i medhald av unionsregelverket, slik det er definert i artikkel 5 nr. 3, skal ikkje overstige 95 % av dei kostnadene som gjev rett til støtte,
- d) tilskot til tiltak som organ som driv verksemd i heile Unionen, set i verk for å utarbeide åtferdsreglar, best mogleg praksis og retningslinjer for jamføring av pris, produktkvalitet og berekraft, slik det er definert i artikkel 5 nr. 4, skal ikkje overstige 50 % av dei kostnadene som gjev rett til støtte,
- e) tilskot til organisering av formannskapstilskipingar om forbrukarpolitikk i Unionen som vert tildelte dei nasjonale styresmaktene i den medlemsstaten som har formannskapet for andre rådssamansetnader enn rådet for utanriks-spørsmål, eller organ som er peikte ut av denne medlemsstaten, skal ikkje overstige 50 % av dei kostnadene som gjev rett til støtte,
- f) tilskot til tiltak som vert sette i verk av styresmakter med ansvar for forbrukarspørsmål i medlemsstatane og av tilsvarende styresmakter i tredjestatar som deltek i medhald av artikkel 7, slik det er definert i artikkel 5 nr. 6, skal ikkje overstige 50 % av dei kostnadene som gjev rett til støtte, men for tiltak som har særleg stor nytteverdi, kan støtta frå Unionen likevel dekkje opptil 70 % av desse kostnadene,

g) tilskot til utveksling av tenestemenn som skal handheve regelverket i medlemsstatar og i tredjestatar som deltek i medhald av artikkel 7, slik det er definert i artikkel 5 nr. 7, til å dekkje reise- og opphaldsutgifter,

h) tilskot til tiltak som vert sette i verk av organ som er peikte ut av ein medlemsstat eller av ein tredjestat slik det er nemnt i artikkel 7, slik det er definert i artikkel 5 nr. 8, skal ikkje overstige 70 % av dei kostnadene som gjev rett til støtte,

i) tilskot til tiltak som vert sette i verk av nasjonale klagehandsamingsorgan for forbrukarklager, slik det er definert i artikkel 5 nr. 9, skal ikkje overstige 50 % av dei kostnadene som gjev rett til støtte.

3. Tiltak skal reknast for å ha særleg stor nytteverdi slik det er definert i nr. 2 bokstav f) når

a) tilskot som vert tildelte styresmaktene og melde til Kommisjonen i medhald av forordning (EF) nr. 2006/2004, omfattar minst seks medlemsstatar eller gjeld krenkingar som medfører eller sannsynlegvis kan medføre skade i to eller fleire medlemsstatar,

b) tilskot som vert tildelte styresmaktene med ansvar for produkttryggleiken til forbrukarane, omfattar minst ti medlemsstatar som inngår i det europeiske nettverket av styresmakter i medlemsstatane med ansvar for produkttryggleik, slik det er nemnt i artikkel 10 i direktiv 2001/95/EF, eller medverkar til å gjennomføre marknads-tilsynsverksemd på området produkttryggleik for forbrukarar, slik det er fastsett i ei unionsrettsakt.

Artikkel 9

Administrativ og teknisk støtte

1. Den finansielle ramma for programmet kan òg omfatte utgifter til førebuing, overvaking, kontroll, revisjon og evaluering som er naudsynt for å forvalte programmet og for å nå måla for programmet, mellom anna utgifter til felles formidling av dei politiske prioriteringane til Unionen, så fram dei er knytte til det overordna målet for denne forordninga, saman med alle andre utgifter til teknisk og administrativ støtte som Kommisjonen har teke på seg i samband med forvaltinga av programmet.

2. Den samla summen som vert tildelt for å dekkje utgifter til førebuing, overvaking, kontroll, revisjon og evaluering og dessutan til teknisk og administrativ støtte slik det er nemnt i nr. 1, skal ikkje overstige 12 % av den finansielle ramma som er tildelt programmet.

*Artikkel 10***Metodar for gjennomføring**

Kommisjonen skal gjennomføre programmet ved hjelp av dei forvaltingsmetodane som er nemnde i artikkel 58 i forordning (EU, Euratom) nr. 966/2012.

*Artikkel 11***Samanheng og komplementaritet med annan politikk**

Kommisjonen skal, i samarbeid med medlemsstatane, syte for at det er samanheng og komplementaritet mellom dette programmet og annan relevant unionspolitikk og andre relevante verkemiddel og tiltak i Unionen, særleg innanfor ramma av det fleirårige programmet for rettar, likestilling og borgarskap for tidsrommet 2014–20⁽¹⁾.

*Artikkel 12***Årlege arbeidsprogram**

Kommisjonen skal gjennomføre programmet ved hjelp av årlege arbeidsprogram. Gjennom dei årlege arbeidsprogramma skal dei måla som er fastsette i artikkel 2 og 3, og dei tiltaka som er fastsette i artikkel 4 og er nærmare omtala i vedlegg I, gjennomførast på ein konsekvent måte.

Kommisjonen skal vedta årlege arbeidsprogram i form av gjennomføringsrettsakter etter framgangsmåten med rådgjevande utval som er nemnd i artikkel 16 nr. 2 i denne forordninga. Desse gjennomføringsrettsaktene skal innføre dei elementa som er fastsette i forordning (EU, Euratom) nr. 966/2012, særleg når det gjeld

- a) gjennomføring av tiltaka, i samsvar med artikkel 4 i og vedlegg I til denne forordninga, og den rettleiande fordelinga av økonomiske midlar,
- b) tidsplanen for planlagde tilbodsinnbydingar og innbydingar til framlegg.

*Artikkel 13***Evaluering og spreieing**

1. På oppmoding frå Kommisjonen skal medlemsstatane leggje fram for Kommisjonen informasjon om gjennomføringa og verknaden av programmet.

2. Kommisjonen skal

- a) innan 30. september 2017
 - i) vurdere om måla for alle tiltaka er nådde (med omsyn til resultat og verknader), kva stoda er når det gjeld gjennomføringa av dei tiltaka som kan få støtte, både dei som er oppførte i artikkel 4 og dei særlege tiltaka

som er nemnde i vedlegg I, om midlane til tilskotsmottakarane er tildelte i samsvar med vilkåra i artikkel 5, om bruken av ressursane er effektiv og gjev ein europeisk tilleggsverdi, samstundes som det vert teke omsyn til utviklinga innanfor forbrukarvern, med sikte på å kunne gjere vedtak om fornying, endring eller oppheving av tiltaka,

- ii) leggje fram for Europaparlamentet og Rådet ein evalueringsrapport om den vurderinga som er gjort,

- b) innan 31. desember 2017 eventuelt kome med eit framlegg til regelverk eller vedta ei delegert rettsakt i samsvar med nr. 3.

I evalueringsrapporten skal Kommisjonen vurdere om det er rom for forenkling, intern og ekstern samanheng, om alle måla framleis er relevante og korleis tiltaka medverkar til å nå dei prioriterte måla i Unionen om smart, berekraftig og inkluderande vekst. Rapporten skal ta omsyn til resultatata av evalueringa av den langsiktige verknaden av det førre programmet.

Dei langsiktige og berekraftige verknadene av programmet skal evaluerast før det kan gjerast vedtak om eventuelt å fornye, endre eller oppheve eit seinare program.

3. Dersom konklusjonen av evalueringsrapporten i medhald av nr. 2 viser at dei særlege tiltaka som er fastsette i vedlegg I, ikkje er gjennomførte innan 31. desember 2016 og heller ikkje kan gjennomførast før programmet er avslutta, mellom anna dersom desse særlege tiltaka ikkje lenger er relevante for å nå dei måla som er fastsette i artikkel 2 og 3, skal Kommisjonen få fullmakt til å vedta delegerte rettsakter i samsvar med artikkel 15 for å endre vedlegg I ved å fjerne desse særlege tiltaka.

4. Kommisjonen skal offentleggjere resultatata av dei tiltaka som er sette i verk i medhald av denne forordninga.

*Artikkel 14***Vern av dei økonomiske interessene til Unionen**

1. Ved gjennomføringa av tiltak som vert finansierte i medhald av denne forordninga, skal Kommisjonen gjere eigna tiltak som sikrar at dei økonomiske interessene til Unionen vert verna gjennom bruk av førebyggjande tiltak mot svik, korrupsjon og anna ulovleg verksemd, effektiv kontroll, tilbakebetaling av midlar som er utbetalte på urettkome vis dersom det vert oppdaga avvik, og eventuelt gjennom administrative og økonomiske sanksjonar som er verknadsfulle, svarar til brotet og hindrar nye brot.

⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 1381/2013 av 17. desember 2013 om innføring av et program for rettigheter, likestilling og borgerskap for perioden 2014-2020 (TEU L 354 av 28.12.2013, s. 62).

2. På grunnlag av dokument og kontrollar på staden skal Kommisjonen eller kommisjonsrepresentantane og Revisjonsretten ha fullmakt til å revidere alle tilskotsmottakarar, entreprenørar og underleverandørar som har motteke midlar frå Unionen i medhald av denne forordninga.

3. Det europeiske kontoret for motkjemping av svik (OLAF) kan utføre granskningar, medrekna kontrollar på staden og inspeksjonar, i samsvar med dei framgangsmåtane som er fastsette i europaparlaments- og rådsforordning (EU, Euratom) nr. 883/2013⁽¹⁾ og rådsforordning (Euratom, EF) nr. 2185/96⁽²⁾, for å slå fast om det ligg føre svik, korrupsjon eller anna ulovleg verksemd som påverkar dei økonomiske interessene til Unionen, i samband med ei avtale, ei avgjerd om tilskot eller ein kontrakt som er finansiert i medhald av denne forordninga.

4. Utan at det rører ved nr. 1, 2 og 3 skal samarbeidsavtaler med tredjestatar og internasjonale organisasjonar, kontraktar, avtaler og avgjerder om tilskot som følgjer av gjennomføringa av denne forordninga, innehalde føresegnar som uttrykkjeleg gjev Kommisjonen, Revisjonsretten og OLAF fullmakt til å utføre slike revisjonar og granskningar innanfor ramma av den høvesvis kompetansen deira.

Artikkel 15

Utøving av delegert fullmakt

1. Fullmakta til å vedta delegerte rettsakter vert gjeven Kommisjonen med atterhald for dei vilkåra som er fastsette i denne artikkelen.

2. Fullmakta til å vedta dei delegerte rettsaktene som er nemnde i artikkel 3 nr. 3 og artikkel 13 nr. 3, skal gjevast Kommisjonen for det tidsrommet programmet varer.

3. Den delegerte fullmakta som er nemnd i artikkel 3 nr. 3 og artikkel 13 nr. 3, kan når som helst kallast tilbake av Europaparlamentet eller Rådet. Ei avgjerd om tilbakekalling inneber at den delegerte fullmakta som er oppført i avgjerda, sluttar å gjelde. Avgjerda tek til å gjelde dagen etter at ho er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen* eller på eit seinare tidspunkt som er oppført i avgjerda. Ho rører ikkje ved rettskrafta til delegerte rettsakter som alt har teke til å gjelde.

⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EU, Euratom) nr. 883/2013 av 11. september 2013 om undersøkelser som foretas av Det europeiske kontor for bedrageribekjempelse (OLAF) og om oppheving av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1073/1999 og rådsforordning (Euratom) nr. 1074/1999 (TEU L 248 av 18.9.2013, s. 1).

⁽²⁾ Rådsforordning (Euratom, EF) nr. 2185/96 av 11. november 1996 om kontroll og inspeksjon på stedet som foretas av Kommisjonen for å verne De europeiske fellesskaps økonomiske interesser mot bedrageri og andre uregelmessigheter (TEF L 292 av 15.11.1996, s. 2).

4. Så snart Kommisjonen vedtek ei delegert rettsakt, skal han melde frå om dette samstundes til Europaparlamentet og Rådet.

5. Ei delegert rettsakt som vert vedteken i medhald av artikkel 3 nr. 3 og artikkel 13 nr. 3, skal ta til å gjelde berre dersom Europaparlamentet eller Rådet ikkje gjer innvendingar innan to månader etter at rettsakta er meldt til Europaparlamentet og Rådet, eller dersom både Europaparlamentet og Rådet, før den nemnde fristen går ut, har meldt frå til Kommisjonen om at dei ikkje vil gjere innvendingar. Etter initiativ frå Europaparlamentet eller Rådet vert denne fristen lengd med to månader.

Artikkel 16

Utvalsframgangsmåte

1. Kommisjonen skal få hjelp av eit utval. Det nemnde utvalet skal vere eit utval slik det er fastsett i forordning (EU) nr. 182/2011.

2. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 4 i forordning (EU) nr. 182/2011 nyttast.

Artikkel 17

Overgangstiltak

1. Artikkel 6 i avgjerd nr. 1926/2006/EF skal framleis nyttast på tiltak som er omfatta av den nemnde avgjerda, og som ikkje er vortne avslutta innan 31. desember 2013. Difor kan den finansielle ramma for programmet òg omfatte utgifter til teknisk og administrativ støtte som er naudsynte for å sikre overgangen mellom dei tiltaka som er vedteke i medhald av avgjerd nr. 1926/2006/EF, og programmet.

2. Dersom det er naudsynt, kan det eventuelt førast opp løyvingar i budsjettet etter 31. desember 2020 for å dekkje utgifter som er fastsette i artikkel 9, til forvaltning av tiltak som ikkje er vortne fullførte innan 31. desember 2020.

Artikkel 18

Oppheving

Avgjerd nr. 1926/2006/EF vert oppheva med verknad frå 1. januar 2014.

Artikkel 19

Ikraftsetjing og dato rettsakta skal nyttast frå

Denne forordninga tek til å gjelde dagen etter at ho er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Ho skal nyttast frå 1. januar 2014.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Strasbourg 26. februar 2014.

For Europaparlamentet

M. SCHULZ

President

For Rådet

D. KOURKOULAS

Formann

VEDLEGG I

TYPAR TILTAK

Mål I

Tryggleik: Å konsolidere og styrkje produkttryggleik gjennom effektivt marknadstilsyn i heile Unionen

1. Vitskapleg rådgjeving og risikoanalyse som er relevant for helse og tryggleiken til forbrukarane, med omsyn til varer som ikkje er næringsmiddel og tenester som ikkje er knytte til næringsmiddel, medrekna støtte til oppgåvene til dei uavhengige vitskapsutvala som er oppnemnde ved avgjerd 2008/721/EF.
2. Samordning av marknadstilsyns- og handhevingstiltak for produkttryggleik i samsvar med direktiv 2001/95/EF, og tiltak for å betre tryggleiken når det gjeld forbrukartenester:
 - a) utvikling, modernisering og vedlikehald av IT-verktøy (til dømes databasar og informasjons- og kommunikasjonssystem), særleg for å gjere det mogleg å effektivisere eksisterande system ved å gjere dataeksport og statistisk sortering og uttrekking enklare, og lette elektronisk utveksling og bruk av opplysningar mellom medlemsstatane,
 - b) tilrettelegging av seminar, konferansar, arbeidsgrupper og møte mellom aktørar og sakkunnige om risikoar og handheving innanfor produkttryggleiksområdet,
 - c) utveksling av tenestemenn som skal handheve regelverket, og opplæring med vekt på integrering av ein risikobasert metode,
 - d) samarbeid om særskilde fellestiltak om tryggleiken til varer som ikkje er næringsmiddel og tenester som ikkje er knytte til næringsmiddel, i medhald av direktiv 2001/95/EF,
 - e) overvaking og vurdering av tryggleiken til varer som ikkje er næringsmiddel og tenester som ikkje er knytte til næringsmiddel, medrekna eit kunnskapsgrunnlag for ytterlegare standardar eller for fastsetjing av andre referanssmål for tryggleik, og klargjering av sporingskrav,
 - f) samarbeid om forvaltning, handheving og sporing av varer, og utvikling av førebyggjande tiltak saman med tredjestatar som ikkje er omfatta av artikkel 7 i denne forordninga, mellom anna med dei tredjestatane som er opphav til dei fleste av dei varene i Unionen der det vert meldt om manglande samsvar med unionsregelverket,
 - g) støtte til organ som etter unionsregelverket er godkjende for å ta hand om samordninga av handhevingstiltak mellom medlemsstatane.
3. Vedlikehald og vidareutvikling av databasar med opplysningar om kosmetiske produkt:
 - a) vedlikehald av portalen for melding av kosmetiske produkt, som er skipa i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1223/2009⁽¹⁾,
 - b) vedlikehald av databasen med opplysningar om kosmetiske delemne, der føremålet er å støtte gjennomføringa av forordning (EF) nr. 1223/2009.

Mål II

Forbrukarinformasjon og -opplæring, og støtte til forbrukarorganisasjonar: Å gje forbrukarane betre opplæring, informasjon og kjennskap til rettane sine, å utarbeide eit dokumentasjonsgrunnlag for forbrukarpolitikk og å gje støtte til forbrukarorganisasjonar, mellom anna ved å ta omsyn til dei særlege behova til sårbare forbrukarar

4. Utviding og betring av tilgangen til det dokumentasjonsgrunnlaget som vert nytta til å utforme politikk på område som påverkar forbrukarane, utforme smarte og målretta reglar og kartleggje eventuell marknadssvikt eller endra forbrukarbehov som eit grunnlag for utforming av forbrukarpolitikken, kartlegging av dei områda som byr på størst vanskar for forbrukarane, og integrering av forbrukarinteresser i andre politikkområde i Unionen, medrekna følgjande:
 - a) granskingar og analyse av forbrukarar og forbrukarmarknader i heile Unionen med sikte på å utforme smarte og målretta reglar og kartleggje eventuell marknadssvikt eller endra forbrukarbehov,
 - b) utvikling og vedlikehald av databasar, særleg for å gjere opplysningane som vert henta inn, tilgjengelege for aktørane, til dømes forbrukarorganisasjonar, nasjonale styresmakter og forskarar,

⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1223/2009 av 30. november 2009 om kosmetiske produkter (TEU L 342 av 22.12.2009, s. 59).

- c) utvikling og analyse av nasjonale statistiske opplysningar og annan relevant dokumentasjon. Innhenting særleg av nasjonale data om og indikatorar for prisar, klager, handheving og klagerett, i samarbeid med nasjonale aktørar.
5. Støtte gjennom finansiering av forbrukarorganisasjonar på unionsplan og gjennom oppbygging av kapasitet hjå forbrukarorganisasjonar på unionsplan, nasjonalt plan og regionalt plan, for dermed å gje auka innsyn og hyppigare utveksling av sakkunne og best mogleg praksis:
- a) finansiell støtte til drift av forbrukarorganisasjonar på unionsplan som representerer forbrukarinteresser, i samsvar med artikkel 5 nr. 1 i denne forordninga,
 - b) oppbygging av kapasitet hjå regionale, nasjonale og europeiske forbrukarorganisasjonar, særleg gjennom opplæring som er tilgjengeleg på ulike språk og i heile Unionen, og utveksling av sakkunne og best mogleg praksis for personale, særleg i forbrukarorganisasjonar i medlemsstatar der dette ikkje er tilstrekkeleg utvikla, eller som i samband med overvaking av forbrukarmarknader og forbrukarmiljøet i medlemsstatane viser at tilliten og kunnskapen blant forbrukarane er på eit relativt lågt nivå,
 - c) meir innsyn i og utveksling av god praksis og sakkunne, særleg gjennom meir omfattande nettverksarbeid, med støtte frå innføringa av ein internettportal der forbrukarorganisasjonar kan få tilbod om interaktiv utveksling og nettverkssamarbeid, og der materiale som vert utarbeidd under opplæringskurs, kan gjerast fritt tilgjengeleg,
 - d) støtte til internasjonale organ som fremjar prinsipp og politikk som er i samsvar med måla for programmet.
6. Auka innsyn i forbrukarmarknader og forbrukarinformasjon, for dermed å gje forbrukarane opplysningar som kan jamførast og er pålitelege og lett tilgjengelege, òg i samband med handel på tvers av landegrensene, slik at dei kan få hjelp til å samanlikne prisar, ikkje berre på varer og tenester, men òg på kvalitet og berekraft:
- a) informasjonskampanjar om spørsmål som påverkar forbrukarane, til dømes gjennom felles tiltak med medlemsstatane,
 - b) tiltak som aukar innsynet i forbrukarmarknadene, til dømes når det gjeld finansielle produkt i detaljistledet, energi, digital kommunikasjon, telekommunikasjon og transport,
 - c) tiltak som gjer det enklare for forbrukarane å få tilgang til relevante opplysningar som kan jamførast og er pålitelege og lett tilgjengelege, om varer, tenester og marknader, særleg om pris, kvalitet og berekraft på varer og tenester, både på og utanfor internett, til dømes gjennom nettstader som jamfører slike opplysningar, og gjennom tiltak som sikrar at slike nettstader held høg kvalitet og er truverdige, mellom anna ved handel på tvers av landegrensene,
 - d) tiltak som gjev forbrukarane enklare tilgang til informasjon om berekraftig forbruk av varer og tenester,
 - e) støtte til tilskipingar om forbrukarpolitikk i Unionen som vert arrangert av den medlemsstaten som har formannskapet for andre rådssamansetnader enn rådet for utanriksspørsmål, om saker som er i tråd med fastsette politiske prioriteringar i Unionen,
 - f) finansiell støtte til nasjonale klagehandsamingsorgan for å oppmuntre til bruk av ein harmonisert metode for klassifisering og rapportering av klager og spørsmål frå forbrukarane,
 - g) støtte til organ som driv verksemd i heile Unionen, slik at dei kan utarbeide åtferdsreglar, best mogleg praksis og retningslinjer for jamføring av pris, kvalitet og berekraft, mellom anna gjennom nettstader som jamfører slike opplysningar,
 - h) støtte til å informere om forbrukarspørsmål, mellom anna ved å oppmode media om å spreie korrekt og relevant informasjon om forbrukarspørsmål.
7. Tiltak for å fremje forbrukaropplæring som ein livslang prosess, med særleg vekt på sårbare forbrukarar:
- a) utvikling av ei interaktiv plattform for utveksling av best mogleg praksis og materiale til bruk i livslang forbrukaropplæring, med særleg vekt på sårbare forbrukarar som har vanskar med å innhente og tileigne seg forbrukarinformasjon, for dermed å unngå at dei vert villeidde,
 - b) utvikling av opplæringstiltak og -materiale i samarbeid med dei aktørane det gjeld, til dømes nasjonale styresmakter, lærarar, forbrukarorganisasjonar og aktørar som driv verksemd på grasrotnivå, særleg ved å gjere bruk av (t.d. samle inn, setje saman, omsetje og spreie) materiale som er produsert på nasjonalt plan eller i samband med tidlegare tiltak, på ulike lagringseiningar, mellom anna digitale, og som til dømes gjeld forbrukarrettar og tverrnasjonale utfordringar, helse og tryggleik, forbrukarregelverket i Unionen, berekraftig og etisk forbruk, medrekna sertifiseringsordningar i Unionen, og finans- og mediekunnskap.

Mål III**Rettar og klagerett: Å utvikle og styrkje forbrukarrettane, særleg gjennom smarte regelverkstiltak og betre tilgang til enkel, effektiv, snøgg og rimeleg klagerett, medrekna alternativ tvisteløysing**

8. Utarbeiding i Kommissjonen av regelverk for forbrukarvern og andre initiativ til regelverk, overvaking av måten medlemsstatane innarbeider regelverket og påfølgjande evaluering av verknadene av innarbeidinga, fremjing av initiativ for samregulering og sjølvregulering, og overvaking av dei faktiske verknadene slike initiativ har på forbrukarmarknadene, medrekna:
 - a) granskningar og aktivitetar knytte til smart regelverksutforming, til dømes gjennom *førehands- og sluttvurderingar, konsekvensanalysar, offentlege høyringar* og evaluering og forenkling av eksisterande regelverk,
 - b) seminar, konferansar, arbeidsgrupper og møte med aktørar og sakkunnige,
 - c) utvikling og vedlikehald av allment og lett tilgjengelege databasar med opplysningar mellom anna om gjennomføring av unionsregelverket for forbrukarvern,
 - d) evaluering av tiltak som er gjorde i medhald av programmet.
9. Tiltak som gjer det enklare å få tilgang til tvisteløysingsordningar for forbrukarar, særleg alternative tvisteløysingsordningar, mellom anna gjennom eit felles nettbasert EU-system og nettverkssamarbeid mellom nasjonale alternative tvisteløysingsorgan, med særleg vekt på høvelege tiltak retta mot behova og rettane til sårbare forbrukarar; og dessutan overvaking av korleis tvisteløysingsordningane verkar og kor effektive dei er for forbrukarane, mellom anna gjennom utvikling og vedlikehald av relevante IT-verktøy og utveksling av best mogleg praksis og gode røynsler i medlemsstatane,
 - a) utvikling og vedlikehald av IT-verktøy,
 - b) støtte til utvikling og vedlikehald av eit felles EU-system for nettbasert tvisteløysing, medrekna tilknytte tenester, til dømes omsetjing,
 - c) støtte til nettverkssamarbeid mellom nasjonale alternative tvisteløysingsorgan og til utveksling og spreing av god praksis og gode røynsler,
 - d) utvikling av særskilde verktøy som gjer det lettare å klage for sårbare personar som i mindre grad er tilbøyelege til å nytte klageretten.

Mål IV**Handheving: Å støtte handhevinga av forbrukarrettar ved å styrkje samarbeidet mellom nasjonale handhevingsorgan og ved å støtte forbrukarane i form av rådgjeving**

10. Samordning av tilsyns- og handhevingstiltak i samsvar med forordning (EF) nr. 2006/2004, medrekna følgjande:
 - a) utvikling og vedlikehald av IT-verktøy, til dømes databasar og informasjons- og kommunikasjonssystem,
 - b) tiltak som kan gje betre samarbeid mellom styresmakter og meir samordna overvaking og handheving, til dømes utveksling av handhevingstenestemenn, felles verksemd, opplæring av handhevingstenestemenn og medlemmer av domstolane,
 - c) tilrettelegging av seminar, konferansar, arbeidsgrupper og møte med aktørar og sakkunnige innanfor handheving av forbrukarrettar,
 - d) samarbeid med tredjestatar som ikkje deltek i programmet, og med internasjonale organisasjonar, om forvaltning og handheving av forbrukarrettar.
11. Finansiell støtte til tiltak i samarbeid med offentlege eller ideelle organ som inngår i unionsnettverk som gjev informasjon og støtte til forbrukarane, slik at dei kan få hjelp til å utøve rettane sine og få tilgang til eigna tvisteløysing, til dømes nettbaserte utanrettslege tvisteløysingsordningar (nettverket av europeiske forbrukarsenter), som òg omfattar følgjande:
 - a) utvikling og vedlikehald av IT-verktøy, til dømes databasar og informasjons- og kommunikasjonssystem, som er naudsynte for at nettverket av europeiske forbrukarsenter skal verke på ein tilfredsstillande måte,
 - b) tiltak for å styrkje profilen til europeiske forbrukarsenter og gjere dei meir synlege.

VEDLEGG II

INDIKATORAR I SAMSVAR MED ARTIKKEL 3 I DENNE FORORDNINGA

Mål I

Tryggleik: Å konsolidere og styrkje produkttryggleik gjennom effektivt marknadstilsyn i heile Unionen

Indikator	Kjelde	Noverande situasjon	Mål
Prosentvis del av RAPEX-meldingar som fører til minst éin reaksjon (frå andre medlemsstatar)	RAPEX	43 % (843 meldingar) i 2010	10 % auke innan 2020
Tilhøvet reaksjonar/tal på meldingar (alvorleg risiko)(*))	RAPEX	1,07 i 2010	15 % auke innan 2020

(*) Ei melding kan utløyse fleire reaksjonar frå styresmakter i andre medlemsstatar

Mål II

Forbrukarinformasjon og -opplæring, og støtte til forbrukarorganisasjonar: Å gje forbrukarane betre opplæring, informasjon og kjennskap til rettane sine, å utarbeide dokumentasjonsgrunnlag for forbrukarpolitikk og å gje støtte til forbrukarorganisasjonar, mellom anna ved å ta omsyn til dei særlege behova til sårbare forbrukarar

Indikator	Kjelde	Noverande situasjon	Mål
Tal på klagehandsamingsorgan og tal på statar som sender klager til ECCRS	Europeisk system for registrering av forbrukarklager (ECCRS)	33 klagehandsamingsorgan frå 7 land i 2012	70 klagehandsamingsorgan frå 20 land innan 2020

Mål III

Rettar og klagerett: Å utvikle og styrkje forbrukarrettane, særleg gjennom smarte regelverkstiltak og betre tilgang til enkel, effektiv, snøgg og rimeleg klagerett, medrekna alternativ tvisteløysing

Indikator	Kjelde	Noverande situasjon	Mål
Prosentvis del av dei sakene som ikkje vart løyste direkte med forhandlarar gjennom handsaming dei europeiske forbrukarsentera (ECC), men vart handsama vidare ved alternativ tvisteløysing (AT)	Årsrapport frå ECC	9 % i 2010	75 % innan 2020
Talet på saker som er handsama gjennom eit felles EU-system for nettbasert tvisteløysing (NT)	NT-plattform	17 500 (klager som ECC har motteke om e-handelstransaksjonar) i 2010	100 000 innan 2020
Prosentvis del av forbrukarar som har gått vidare med ei sak på grunn av eit problem som har oppstått dei siste tolv månadene	Resultattavla for forbrukarar	83 % i 2010	90 % innan 2020

Mål IV

Handheving: Å støtte handhevinga av forbrukarrettar ved å styrkje samarbeidet mellom nasjonale handhevingsorgan og ved å støtte forbrukarane i form av rådgjeving

Indikator	Kjelde	Noverande situasjon	Mål
Informasjonsstraum og samarbeid i EU-nettverket for handheving av forbrukarregelverk (CPC-nettverket):	Databasen til CPC-nettverket (CPCS)	Gjennomsnitt per år 2007–10	
— tal på spørsmål om utveksling av informasjon mellom styresmakter som deltek i EU-nettverket for handheving av forbrukarregelverk (CPC-styresmakter)		129	— 30 % auke innan 2020
— tal på spørsmål om handhevingstiltak mellom styresmakter som deltek i EU-nettverket for handheving av forbrukarregelverk (CPC-styresmakter)		142	— 30 % auke innan 2020
— tal på varsel i CPC-nettverket		63	— 30 % auke innan 2020
Prosentvis del av spørsmål om handheving av forbrukarrettar som vart handsama innan tolv månader i CPC-nettverket	Databasen til CPC-nettverket (CPCS)	50 % (referanseperiode 2007–10)	60 % innan 2020
Prosentvis del av spørsmål om informasjon som vart handsama innan tre månader, i CPC-nettverket	Databasen til CPC-nettverket (CPCS)	33 % (referanseperiode 2007–10)	50 % innan 2020
Tal på gonger dei europeiske forbrukarsentera (ECC) har hatt kontakt med forbrukarar	Rapport frå ECC-nettverket	71 000 i 2010	50 % auke innan 2020
Tal på vitjingar på nettsidene til ECC-nettverket	Rapport med evaluering av ECC-nettverket	1 670 000 i 2011	70 % auke innan 2020

Desse indikatorane kan vurderast i samanheng med allmenne og overgripande indikatorar.